


**PROTOKOLL****Møte i Representantskapet Nordhordland Utviklingsselskap IKS****Møte: 2/2015****Tid: Fredag 4. desember kl. 09:30 - 10:00****Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS, møterom****Til stades:**

Ordfører:	Karstein Totland, Per Lerøy, Jon Askeland, Øyvind Oddekalv, Astrid A. Byrknes, Hallvard Oppedal, Jarle Skeidsvoll, Stian Herøy, Tom Kristian Thorsen,
Rådmenn:	Desse rådmennene møtte: Jan Olav Osen, Svein Helge Hofslundsengen, Ingvild Hjelmtveit, Vidar Bråthen
NUI:	Håkon Matre (styreleiar), Rune Heradstveit (dagleg leiar)

<b>Sak 7/15</b>	<b>Godkjenning møteinnkalling og sakliste</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.
<b>Sak 8/15</b>	<b>Val av to representantar i tillegg til leiar for underskriving av protokoll</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Astrid Aarhus Byrknes og Stian Herøy vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
<b>Sak 9/15</b>	<b>Val av leiar og nestleiar til Representantskapet 2016-2019</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Karstein Totland vart valt til leiar i Representantskapet for perioden 2016-2019. Per Lerøy vart valt til nestleiar i Representantskapet for perioden 2016 - 2019.
<b>Sak 10/15</b>	<b>Godkjenning møteprotokoll Representantskapsmøte 1-2015</b>  <b>Forslag til Samrøystes vedtak:</b> Møteprotokoll frå Representantskapsmøte 1-2015 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 11/15</b>	<b>Orientering frå NUI</b> Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte kort om arbeid og prosjektstatus i NUI.
<b>Sak 12/15</b>	<b>Godkjenning budsjett 2016 for Nordhordland Utviklingsselskap IKS</b> Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit la fram styret sitt forslag til budsjett for 2016. Styret godkjente budsjettet i styremøte 16. november 2015.

	<p><b>Samrøystes vedtak:</b> Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til årsbudsjett for 2016.</p> <p>NUI får generell løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettert. NUI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnadar for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.</p>
<p><b>Sak 13/15</b></p>	<p><b>Val av styre til Nordhordland Utviklingsselskap IKS for 2016-2017</b> Valnemnda la fram forslag til styre for Nordhordland Utviklingsselskap IKS 2016-2017: Håkon Matre (styreleiar), Kari Utkilen (nestleiar), Arnhild Kjellevold (medlem), Leif Taule (1. vara), Audun Stusdal (2. vara).</p> <p>Valnemnda føreslo at gjeldande satsar for styrehonorar vert vidareført.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Styreleiar: kr 25 000</li> <li>▪ Nestleiar og medlem: kr 10 000</li> <li>▪ Møtehonorar for vara: kr 1 500 pr. møte</li> </ul> <p><b>Samrøystes vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Representantskapet vedtok samrøystes innstillinga frå valnemna og oppnemner Håkon Matre til ny styreleiar i Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Kari Utkilen til nestleiar og Arnhild Kjellevold til medlem. Leif Taule vert valt som 1. vara og Audun Stusdal som 2. vara.</li> <li>▪ Honorar vert sett til kr. 25 000,- for styreleiar og kr 10 000,- for nestleiar og medlem og kr 1 500,- som møtehonorar for vara. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.</li> </ul>

Knarvik, 4. desember 2015



Karstein Totland  
Leiar Representantskapet  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Astrid Aarhus Byrknes  
Medlem Representantskapet  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Stian Herøy  
Varamedlem Representantskapet  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS